

Saksbehandlar: Mariann Skau, Administrasjon og innovasjon  
Sak nr.: 21/3325-1

## **Språkbruksplan for Sogndal kommune**

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:  
Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:**

1. Språkbruksplan for Sogndal kommune blir vedteken slik han ligg føre.

### **Vedlegg:**

Språkbruksplan for Sogndal kommune  
Retningslinjer for språkbruk i Sogndal kommune

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

Sogndal kommune vil vera ein kommune der det er lett å vera nynorskbrukar både på arbeid og privat, og der nynorsk vert prioritert. Dei tilsette skal kjenna seg trygge på å skriva nynorsk, og det skal vera sjølvsgagt å bruka nynorsk.

I vedtaket frå kommunestyresak 22/19 om målvedtak og administrasjonsmål i Sogndal kommune kjem det fram ynskje om at det vert utarbeidd ein språkbruksplan og retningslinjer for bruk av nynorsk.

Sogndal kommune har nynorsk som administrasjonsspråk. Som offentleg organ er det krav om at kommunen kommuniserer på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa.

Det vart våren 2021 sett ned ei arbeidsgruppe som har utarbeidd ein språkbruksplan for Sogndal kommune. Grunnlaget for planen er erfaringar frå språkarbeidet det første året som ny kommune, malar frå Landssamanslutninga av nynorskkommunar, språkbruksplanar frå andre (fylkes-)kommunar og eit forslag til språkbruksplan for Sogndal kommune utarbeidd av Sogndal Mållag.

Arbeidsgruppa har nytta språkkonsulent Jan Olav Fretland i sluttarbeidet med planen. Språkbruksplanen har vore send ut til leiarane i kommunen, som har fått høve til å koma med innspel.

Rådmannen har hovudansvar for gjennomføringa av språkbruksplanen.

Retningslinjer for språkbruk i Sogndal kommune ligg ved saka og blir gjort kjent for politisk nivå som orientering.